



VESTFOLD, TELEMARK OG AGDER
KONTROLLUTVALGSSEKRETARIAT IKS

Møteprotokoll

Vinje kontrollutval

Dato: 05.03.2025 kl. 12:00

Sted: Glasromet

Arkivsak: 25/00005

Til stede: Bjørnar Kalbach Christensen (Vtb), leiar
Vetle Frantzen (DNI), medlem
Hilda Vaa (Sp), medlem
Gunn Aslaug Seltveit Bøe (Ap), medlem

**Møtende
varamedlemmer:** Vigdis Gardsteig Kaasa (SV), vara for Rustberggård

Forfall: Kari Rustberggård (SV), medlem

Andre: Forvaltningsrevisor Geir Kastet Dahle (via Teams)

Utvalgssekretær/rådgjevar Ingebjørg Liland

**Merknader til
innkallingen:** Inga merknader til innkallinga.

**Godkjenning av
sakslisten:** Sakslista vart godkjend.

**Godkjenning av
møteprotokoll:** Protokoll frå møtet 04.12.24 vart godkjend.

Møteleder: Bjørnar Kalbach Christensen

Protokollfører: Ingebjørg Liland

Sakskart			Side
Saker til handsaming			
1/25	25/00033-1	Kontrollutvalet si årsmelding 2024	3

2/25	25/00039-1	Vurdering av forvaltningsrevisors sjølstende 2025	4
3/25	25/00015-1	Referatsaker 05.03.25	5
4/25	25/00021-1	Innspel til kontrollarbeid 05.03.25	6

Vinje, 05.03.2025

Bjørnar Kalbach Christensen

Saker til handsaming

1/25 Kontrollutvalet si årsmelding 2024

Handsama av	Møtedato	Saksnr
1 Vinje kontrollutval	05.03.2025	1/25

Innstilling frå sekretariatet

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for kontrollutvalet for 2024 slik den ligg føre. Årsmeldinga vert send kommunestyret.

Tilråding til kommunestyret:

Kommunestyret tek den framlagte årsmeldinga for 2024 frå Vinje kontrollutval til vitande.

Møtehandsaming

Utvalsleiar la fram saka i møtet. Utvalssekretær kommenterte i saka.

Votering

Samrøystes for sekretariatet sitt forslag til vedtak.

Vedtak

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for kontrollutvalet for 2024 slik den ligg føre. Årsmeldinga vert send kommunestyret.

Tilråding til kommunestyret:

Kommunestyret tek den framlagte årsmeldinga for 2024 frå Vinje kontrollutval til vitande.

2/25 Vurdering av forvaltningsrevisors sjølstende 2025

Handsama av	Møtedato	Saksnr
1 Vinje kontrollutval	05.03.2025	2/25

Innstilling frå sekretariatet

Dokumenta «Skriftleg eigenvurdering» for dei oppdragsansvarlege forvaltningsrevisorane blir tekne til vitande.

Møtehandsaming

Utvalsleiar la fram saka i møtet.

Votering

Samrøystes for sekretariatet sitt forslag til vedtak.

Vedtak

Dokumenta «Skriftleg eigenvurdering» for dei oppdragsansvarlege forvaltningsrevisorane blir tekne til vitande.

3/25 Referatsaker 05.03.25

Handsama av	Møtedato	Saksnr
1 Vinje kontrollutval	05.03.2025	3/25

Innstilling frå sekretariatet

Referatsakene vert tekne til vitande.

Møtehandsaming

Kontrollutvalet fekk lagt fram følgande saker:

1. Deltaking på kurs og konferansar
2. Budsjettendring Vestfold og Telemark revisjon IKS

Votering

Samrøystes for sekretariatet sitt forslag til vedtak.

Vedtak

Referatsakene vert tekne til vitande.

4/25 Innspel til kontrollarbeid 05.03.25

Handsama av	Møtedato	Saksnr
1 Vinje kontrollutval	05.03.2025	4/25

Innstilling frå sekretariatet

Saka blir lagt fram utan forslag til vedtak.

Møtehandsaming

1. Forvaltningsrevisjon helse og omsorg

Forvaltningsrevisor møtte i kontrollutvalget for å orientere om eit pågåande tilsyn frå arbeidstilsynet. På bakgrunn av dette tilsynet og innspel frå utvalet vart ein einige om å gjere nokre endingar på problemstillingane i revisjonen.

Med endringar vil rapporten handle om følgjande problemstillingar:

- Korleis er arbeidsmiljøet i Helse og meistring?
- Har kommunen tiltak som sikrar at sjukefråvær i Helse og meistring vert førebygd og følgd opp i samsvar med gjeldande krav?
- Korleis er kommunens praksis for vikarbruk og innleige av vikarar i Helse og meistring?
- I kva grad sikrar kommunen at HMS-avvik i Helse og meistring blir fanga opp og fylgt opp med tiltak? Her ynskjer utvalet at ein avgrensar undersøkinga til følgjande avdelingar: Rauland omsorgssenter, heimetenesta i øvre Vinje, Vinje helsesenter – korttidsavdelinga og langtidsavdelinga

På grunn av endringane vil timebruken til rapporten auke med 100-150 timar.

Pkt. 1: Omforent forslag til vedtak

Kontrollutvalet godkjenner dei skisserte endringane i forvaltningsrevisjonen av helse og meistring.

2. Tilsettingar

Utvalsleiar har fått spørsmål om prosessen rundt tilsettingar i kommunen.

Utvalet ynskjer ei orientering i neste møte om korleis kommunen handterer tilsettingar. Korleis sørger ein for at lover og avtaleverk blir fylgd.

3. Etikk i kommunens innkjøpsreglement

Hilda Vaa stilte spørsmål om kommunen gjer etiske vurderingar i sine innkjøp. Utvalet blei einige om at dei i fyrste omgang ser på kva som ligg i det vedtekne reglementet.

4. Beredskap

Kontrollutvalet ynskjer ei orientering om kommunens beredskap ved større hendingar. Eksempelvis beredskap ved bortfall av straum, vatn, matproduksjon. Har kommunen tilgang på tilfluktsrom?

Pkt. 2-4: Omforent forslag til vedtak;

Kontrollutvalet ynskjer følgande orienteringar i neste utvalsmøte:

- Tilsettingar
- Beredskap

Votering

Pkt. 1: Samrøystes for omforent forslag til vedtak.

Pkt. 2-4: Samrøystes for omforent forslag til vedtak.

Vedtak

Pkt. 1.

Kontrollutvalet godkjenner dei skisserte endringane i forvaltningsrevisjonen av helse og meistring

Pkt. 2-4.

Kontrollutvalet ynskjer følgande orienteringar i neste utvalsmøte:

- Tilsettingar
- Beredskap